

Lindåshallen

## Leigekontrakt hundeutstilling, Lindåshallen

Utleigar: Lindås kommune v/Atle Vaage

Leigetakar: Nordhordland Hundeklubb v/Gro Halås

### Leigeforholdet gjeldt:

Leige av hallen, med garderobar, kjøkken, trimsal, sosialrom mm frå fredag 23. februar 2018 klokka 16.00, til søndag 25. februar 2018. klokka 22.00. Inkludert er rett til å driva kiosk/kafeteria i hallen i leigeperioden.

### Leigepris:

2 stykk døgnpris fleirbrukshall à 9000	18 000
Arrangementsstøtte fagleiar 2 timar à 650	1 300
Totalt	19 300

Leigebeløp er inkludert straum. Leigebeløpet vert fakturert etter at arrangementet er gjennomført.

### Vilkår for leige:

Leigeobjektet skal ikkje nyttast til anna føremål enn hundeutstilling. Framleige, heilt eller delvis, er ikkje tillatt. Leigetakar pliktar å stilla med tilstrekkeleg tal vaksne vakter til å ivarta branntryggleiken under arrangementet. Leigetakar pliktar å delta på gjennomgang av branninstruksar og tryggleik i forkant av arrangementet, og å syta for at vakter er kjent med ordensreglar for hallen, naudutgangar og brann- og rømningsinstruksar.

Leigetakar er erstatningsansvarleg for all skade på bygningen som skuldast leigetakar sjølv, eller folk leigetakar har gitt tilgang til hallen.

**Særskilt reinhald/omsyn til allergikarar:**

Både utleigar og leigetakar erkjenner behovet for ekstra merksemd kring reinhald ved bruk av hallen til hundeutstilling. Leigetakar pliktar å gjera reint fortløpande under arrangementet og etter arrangementet. Utleigar heldt nødvendig utstyr til dette arbeidet. Hundar skal takast inn i hallen via sideinngang, og ikkje under noko omstende takast med inn i kantina, vestibulen, WC eller garderober.

Leigetakar pliktar vidare å syta for at uteområda ved hallen blir rydda fortløpande, med særleg fokus på avføring frå hundane. Det er utarbeida eigen instruks for reinhald som er å sjå på som eit bindande vedlegg til denne kontrakta.

**Forsikring:**


Kvar av partane heldt sine interesser forsikra. Dersom leigetakar må teikna eigen forsikring for arrangementet, skal denne vera utforma slik at Lindås kommune vert halden skadelaus i samband med skader som oppstår som følgje av leigetakar sin aktivitet. Ved eventuell skade på lokala skal leigetakar si forsikring nyttast så langt denne dekkar kostnaden, inkludert mogleg eigenandel, før Lindås kommune si forsikring vert nytta.


Lindås kommune har ikkje ansvar for skade eller tap som måtte oppstå ved brann, vannskade med meir, utover det som vert dekkja av dei forsikringar Lindås kommune har som huseigar.

Ved Force Majoure, slik som brann, landesorg og naturkatastrofer, fell denne kontrakta vekk utan at nokon av partane kan krevja oppfylling eller erstatning for tap.

Denne kontrakta er underteika i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Knarvik 09.01.2018

  
-----  
For Lindås kommune, Atle Vaage

  
-----  
For Nordhordland Hundeklubb, Gro Halås